



Nesfossen Smolt AS  
Lindåsvegen 1480  
5956 HUNDVIN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/2157 - 23/73720

Saksbehandlar:  
Josep Gayrbekov  
josep.gayrbekov@alver.kommune.no

Dato:  
21.09.2023

## Klagen avvises - gbnr 177/2 Neset

**Administrativt vedtak:**      **Saknr: 985/23**  
**Tiltak:**                      Tilbygg til lagerbygg  
**Byggjestad:**              Gbnr: 177/2  
**Tiltakshavar:**              Nesfossen Smolt AS  
**Ansvarleg søkjar:**

### VEDTAK:

**Klage datert 30.06.2022 vert avvist med heimel i fvl 33, då klagen ikkje gjeld eit enkeltvedtak, jf. fvl § 28 1.ledd.**

Alver kommune viser til klage på gebyr for løyve til oppføring av tilbygg, saksnr. 668/22 i sak 22/2157.

Med heimel i SAK10 § 7-6 meiner klagar at gebyret for løyvet fall vekk når kommunen ikkje har treft løyve innan 3 veker frå mottatt søknad.

### Vurdering

For at vedtak om gebyr skal kunne påklagast må det dreie seg enkeltvedtak i forvaltningslovas forstand.

Kommunen vis her til brev frå lovavdelinga i Justisdepartementet den 29.8.1989 kor det kjem frem at der eit gebyr-forskrift er utforma slik at eit eintydig bestemt gebyr skal betalast, kan ilegging av gebyr ikkje sjåast på som eit enkeltvedtak. Vidare er det uttalt at det blir heller ikkje gjort ei individuell avgjerd sjølv om det finst differensierte gebyrsatsar så langt det ikkje er forbunde med rettsleg eller faktisk tvil å avgjera kva gebyr som skal leggjast til grunn i den einskilde sak, men kun snakk om kalkulasjon av faktiske kjennsgjeringar.

Vedtaket om gebyr er difor ikkje som eit enkeltvedtak å rekne, og det kan ikkje klagast på at det ble ilagt gebyr for tiltaket.

At det tok 14 veker å handsame søknaden er uheldig, men rettsverknaden av overskrida frist i 3-vekerssakar følgjer av 21-7(2) siste setning:

«Dersom kommunen ikke har avgjort søknaden innen fristens utløp, regnes tillatelse som gitt».

Sak10 § 7-6 som klagar viser til gjeld for 12-vekers sakar, og er ikkje aktuell her.

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

### **Klagerett**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl) § 2 3.ledd. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunnleggjast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Josep Gayrbekov  
Rådgjevar

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Mottakarar:**

Nesfossen Smolt AS

Lindåsvegen 5956  
1480

HUNDVIN